



Notat

Dato: 19.03.2014
Arkivsak: 2014/13969-2
Saksbehandlar: benutne

Til:	Fylkesutvalet, Samferdselsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om Fureberget bru - Fv 551

I møte i fylkesutvalet 20.02.14 etterspurde Benthe Bondhus status for prosjektet Fureberg bru på Fv 551. Her følgjer ei kort orientering pr medio mars 2014:

På prioriteringslista for fylkesvegar i Hordaland er Fv 551 Fureberg bru no det høgst prioriterte rassikringsprosjektet. Planarbeidet for prosjektet pågår for fullt.

Statens vegvesen har inngått to avtalar i denne planprosessen:

- Med Rambøll om reguleringsplanarbeidet med frist 1. mai
- Med Norges Geotekniske Institutt om magasinløyising ovanfor fossen med frist 30. juni. Ei slik løyising vil gi årlege driftskostnader.

Statens vegvesen har gjennom ein «silingsprosess» der ein av omsyn til fossen som landskapselement og finansielle rammor, vurdert det slik at ein ser bort frå tunellløyising for prosjektet. Vegvesenet planlegg no å erstatta dagens bru med ei lengre eller to kortare bruer, som går høgare og lengre bort frå fossen enn dagens bru. Dette vil sikra mot skredfaren, og det vil også verta opparbeidd eit område for stopp for turistar. Ein vurderar også ei kombinert løyising med bru/veg og magasinløyising.

Fylkesrådmannen vil også visa til fylkestingsak 65/13 om rassikringsmidlar for 2014-17. Hordaland fylkeskommune har pr dags dato ikkje fått ytterlegare avklaring frå departementet/Vegdirektoratet om rammene for fireårsperioden. Som det vart omtala i saka, har ikkje rassikringsprosjektet Fv 7 Lussandberget tilstrekkeleg finansiering i dei rammene ein så langt har fått tilsagn om. I denne samanhengen synest det ikkje realistisk med oppstart før etter 2017 for Fureberget bru.

Statens vegvesen har meldt til Kvinnherad kommune at ein avventar NGI-rapporten før reguleringsplanen vert ferdigstilt.